



PLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING 2008-2009

1. INNLEIING

Likeverdig, inkluderande og tilpassa opplæring er overordna prinsipp for grunnskuleopplæringa. Opplæringa skal tilpassast til evner og føresetnader hos elevane, og alle skal få gode høve til læring. Opplæringa må difor vere variert og differensiert.

Kvaliteten i skulane er avgjerande for framtida til barn og unge. Av alle ressursar i skulen er kompetansen hjå lærarane den faktoren som påverkar elevprestasjonane mest. Ei opplæring for kunnskap, mangfald og likeverd kan berre realiserast gjennom eit omfattande kompetanselyft for skuleeigarar og lærarar.

Gjennomføringa av den nye reforma i grunnopplæringa krev målretta innsats på alle nivå i utdanningssystemet dei neste åra. Det er avgjerande at det eksisterar både menneskelege og økonomiske ressursar i skular, kommunar og fylkeskommunar og på universitet og høgskular. Det er og viktig at det vert frigitt særskilde økonomiske ressursar til kompetanseutvikling frå staten, som kan inngå i eit felles kompetanselyft for heile grunnopplæringa.

For at skulane skal kunne gi elevar ei god opplæring i eit stadig meir kunnskapskrevjande samfunn er det visse forhold som må ligge til rette.

Før det fyrste må skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar ha den kompetansen som er nødvendig for å kunne møte kunnskapssamfunnet og ei stadig meir mangfaldig gruppe elevar og føresette. Ein føresetnad for målretta kompetanseutvikling er at skuleeigar utviklar ein plan for kompetanseutvikling som er forankra i skulane og dei utviklingsbehova som kjem fram her.

For det andre må skulane ha kunnskap om sterke og svake sider ved si eiga verksemd og om kva tiltak som kan føre til forbetring. Skulane må og ha tilgang til eit støtte- og rettleiingsapparat som fungerer. Det ansvaret som skuleeigar har for kompetanseutvikling, inneber også ansvar for å utvikle metodar og rutinar for vurdering av dei kommunale skulane sin kvalitet og resultatoppnåing.

For det tredje må den enkelte skule, mellom anna på dette grunnlaget, sjølv utvikle ein kultur for læring. Der det er viktig at alle tek ansvar og forpliktar seg til å realisere dei måla som vert sett for skulen.

Målsetjing for kompetanseutvikling

- ✓ Å vidareutvikle undervisninga, slik at ein oppnår betre vilkår for læring hjå den einskilde eleven
- ✓ Å legge tilhøva til rette slik at ein motiverer til innsats hjå elevane
- ✓ Kompetanseutviklingsarbeidet bør vere mest mogleg målretta
- ✓ Kompetanseutviklingsarbeidet skal ha som mål å innfri dei nasjonale og lokale målsetjingane som ein har

Sentrale omgrep

I strategidokumentet "Kompetanse for utvikling" vert omgrepa kompetanse, vidareutdanning og etterutdanning definert slik:

"Kompetanse er evne til å møte komplekse krav, situasjonar og utfordringar.....Læring og kompetanse er knytt til handling og samhandling i ulike fellesskap....Graden av læring avheng ikkje berre av kva kunnskapar, dugleikar og holdningar den enkelte har, men av kor læringsstøttande omgivnadane er, i form av både menneskelege, økonomiske og fysiske ressursar."

"Vidareutdanning er utdanning/opplæring som gir formell kompetanse (studiepoeng)."

"Etterutdanning er mellom anna kurs, seminar, deltaking i lokalt utviklingsarbeid og fagleg rettleiing knytt til ein eigen praksis som har opplæring som viktigaste mål"

Strategi

Når det gjeld den *nasjonale strategien* så har Utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunenes Sentralforbund, Utdanningsforbundet, Norsk Lektorlag, Skolenes Landsforbund og Norsk Skolelederforbund i fellesskap utarbeidd dokumentet "Kompetanse for utvikling – strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008".

Når det gjeld *kommunale/regionale strategiar* så er det tilsett ein nettverkskoordinator som skal legge til rette for kompetanseutvikling i skule og barnehage i dei samarbeidande kommunane (Vanylven, Volda, Ørsta, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid – "Sjustjerna"). Dette vert gjort med tanke på ei vidareføring av eksisterande utviklingsarbeid, men og for å møte dei utfordringane som kjem som ein følgje av dei nye læreplanane og den auka innanfor kompetanseheving som vil kome som ei følgje av det.

Styringsdokument

- ✓ Kompetanse for utvikling – strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008
- ✓ St. meld. nr. 30 – Kultur for læring
- ✓ Realfag, naturligvis! 2002-2007

- ✓ Gi rom for lesing 2003-2007
- ✓ Likeverdig utdanning i praksis 2004-2009
- ✓ Program for digital kompetanse
- ✓ Se mulighetene og gjør noe med dem! 2004-2008
- ✓ Sammen for fysisk aktivitet 2005-2009
- ✓ Pedagogisk plan og plattform for grunnskulen i Hareid

Grunnlag

Hareid kommune har frå 01.08.2008 tre kommunale barneskular og ein ungdomsskule. Skulane har i underkant av 100 tilsette, inkludert tilsette i skulefritidsordninga, spesialundervisning og framandspråklege lærarar/assistentar.

2. PRIORITERTE OMRÅDE

Det er ein føresetnad at skuleeigar vurderar kompetansebehova i skulane, dette skal vise igjen i prioriteringane i kompetanseutviklingsplanen.

Nasjonalt prioriterte område

I strategidokument Kompetanse for utvikling er følgjande område vektlagde:

- ✓ **Kompetanseutvikling av leinga ved den enkelte skule**

God leiarskap skaper vilkår for at den kompetansen som lærarane har blir teken i bruk, slik at måla i læreplanane kan realiserast og kvaliteten i læringsarbeidet sikrast.

- ✓ **Kompetanse for det pedagogiske personalet i grunnopplæringa og utvikling av kultur for læring ved den enkelte skule**

- Skulen som lærande organisasjon – betre tilpassa opplæring
- Nye læreplanar/Læreplanarbeid
- Fysisk aktivitet
- Utdannings- og yrkesrådgjeving
- Skuleleiing
- Entreprenørskap
- 2.framandspråk
- Matematikk
- Naturfag

Regionalt prioriterte arbeidsområde

- ✓ "Sjustjerna", samarbeid om felles kompetanseutvikling for Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda
- ✓ Nettverkskoordinator
- ✓ System for skulevurdering. Eksternvurdering

- ✓ Tilpassa opplæring - skulen som lærande organisasjon
- ✓ Naturfag. Gjennomføringsfase
- ✓ Norsk og/eller engelsk. Oppstartfase
- ✓ Skuleleiing
- ✓ Entreprenørskap
- ✓ 2.framandspråk. Vår satsing er spansk.
- ✓ Utarbeiding av rammer og innhald for programfag. Gjennomføringsfasen.

Lokalt prioriterte område

Lokalt er dei prioriterte områda forankra i behova på skulane og dei kommunale behova.

Kommunen har i dei siste åra satse vesentlege midlar på eit META-læringsprosjekt, dette vil bli vidareført som nettverksarbeid, med namnet "Prosjekt metalæring 2 – læringsstilar". Satsinga/fokuset er no trappa mykje ned. Vi er meir i ei vedlikehaldsfase.

Kommunen vil også vidareføre satsinga på område innanfor sosial kompetanse.

Alle skulane nyttar eit nasjonalt kjent haldnings – handlingsprogram.

META-læring og sosial kompetanse er i tråd med dei satsingsområda som er nemnt i Pedagogisk plan og plattform for grunnskulen i Hareid.

Når det gjeld META-læring så står det følgjande i planen; *Hareid kommune ønskjer ein skule som lærer elevane å lære. Hareid kommune vil prioritere metalæring, som fokuserar på det å gjere elevane bevisste om eiga læring og gi dei nyttige læringsstrategiar.*

Innanfor område sosial kompetanse seier planen at *Hareid kommune ønskjer ein skule som lærer elevane å leve. Skulen skal i samarbeid med heimen hjelpe til i barnet si utvikling, sosial kompetanse er ein viktig del av denne utviklinga.*

Med fokus på lesing. Mellom anna med bakgrunn i resultatata frå nasjonale prøver i 2007, som ikkje var slik vi ønskte, så vert alle skulane med i ei satsing for å styrke leseopplæringa og betre den grunnleggande lesedugleiken på 5. – 10.steget. Gjeld alle skulane.

3. HANDLINGSPLAN 2008 – 2009

Strategiplanen vil vise dei aktuelle tiltaka som vert sett i verk både nasjonalt, regionalt og lokalt i høve til dei prioriterte områda.

Kompetanseutvikling for leiinga ved den enkelte skule

Gjennom regionalt og interkommunalt samarbeid og i kommunal regi vil ein gi ei leiaropplæring som vil dekkje følgjande område:

- ✓ administrative oppgåver
- ✓ juridiske og forvaltningsmessige oppgåver
- ✓ pedagogiske oppgåver
- ✓ personaloppgåver
- ✓ økonomiske oppgåver

Reformrelatert kompetanseutvikling for det pedagogiske personalet i grunnopplæringa og utvikling av kultur for læring ved den enkelte skule

A. SKULEN SOM LÆRANDE ORGANISASJON - BETRE TILPASSA OPPLÆRING

Ei viktig utfordring for skulen er å utvikle læringsmiljøet og organiseringa slik at det gir best mogleg læring, for både elevar og personalet.

Gjennom endring av opplæringslova har skulane i dag større høve til å organisere opplæringa slik at den betre kan tilpassast lokale føresetnader og behov, men det er framleis mykje å gå på i forhold til tilpassa opplæring. Ei evaluering av staten si satsing på kvalitetsutvikling 2000 – 2003 viser at skular med samarbeidsbaserte arbeidsformer og med systematisk evaluering av eigen praksis i større grad enn andre evnar å gi elevane tilpassa opplæring.

B. NYE LÆREPLANAR

Dei nye læreplanane set opp mål for dei ulike faga i grunnopplæringa. Elevane skal nå ei viss kompetanse etter naturlege årsintervall.

Strategidokumentet "kompetanse for utvikling gjer det klart at " *Innanfor rammene av klare, forpliktande kompetansemål blir det eit ansvar for personalet ved den enkelte skolen og den enkelte lærebedrifta å vurdere og bestemme kva innhald og arbeidsmåtar som må takast i bruk, og korleis opplæringa skal organiserast for at elevane og lærlingane skal kunne arbeide systematisk mot måla.*"

Altså skulane må sjølve ta ansvaret for at dei vert kjende med innhaldet i dei nye læreplanane.

Hareid kommune har nytta ekspertise frå Høgskulen i Volda til både generell og spesiell innføring i læreplanarbeid.

Skulane er no i ferd med å utarbeide og førebels avslutte detr konkrete læreplanarbeidet. Alle faga vil vere fullført i løpet av skuleåret 2008/2009.

Målet er utarbeide ei digital plattform der desse planen vert tilgjengelege for alle som har interesse for dette.

Det vert nytta skuletid i kombinasjon med ettermiddagsykt/planlegging.

C. 2.FRAMANDSPRÅK

Innføring av eit obligatorisk 2.framandspråk fører til at eigenarten ved faget vert endra. Det vert her lagt meir vekt på ei praktisk tilnærming til språket, med større vekt på kommunikasjon.

I utgangspunktet kan ungdomsskulen sjølv bestemme kva språk ein skal velje som 2.framandspråk, utgangspunktet bør vere i språka tysk, spansk, fransk eller russisk.

Vi har i kommunen hatt ein prosess på dette og vedteke å satse på tysk og spansk.

Vi er bra dekte på tysksida, og har difor prioritert kompetanseutvikling i spansk.

Hareid har to lærarar som har teke vidareutdanning i spansk ved Universitetet i Bergen.

D. UTDANNING- OG YRKESRÅDGJEVING

Dette gjeld berre ein person i kommunen så Hareid kommune vil difor nytte seg av ulike kurssamlingar som vert arrangert av fylket.

Postadresse:	Besøksadresse	postmottak@hareid.kommune.no	www.hareid.kommune.no
Rådhuset	Rådhuset	Telefon:	Telefaks:
6060 HAREID	Rådhuset	70095000	700 95 107
			Org. nr: Bankgiro:
			964979278

Vidareutdanning og etterutdanning for det pedagogiske personalet i grunnsopplæringa

A. 2.FRAMANDSPRÅK

Hareid kommune fekk i 06 tildelt kr. 20 000,- i støtte frå Utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylke til vidareutdanning i spansk. To lærarar ved ungdomsskulen har fullført vidareutdanning i spansk på 60 studiepoeng ved universitetet i Bergen.

B. Matematikk

"Kunnskapsløftet i matematikk" som regionalt prosjekt er i praksis avslutta. Arbeid vidare etter ein nettverksmodell.

C. Norsk

Alle skulane med i etter – og vidareutdanningsprosjekt med fokus på leseopplæringa og grunnleggande dugleikar frå 5. – 10. trinn.

Skjer i eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylke, Høgskulen i Bergen og Hareid kommune.

Vidare så skal vi etter planen kome i gang med norsk og/eller engelskfaget i regi av Sjustjerna i løpet av 2008/2009. Modell liknande matematikksatsinga.

D. Naturfag

"Naturfag – Med mål og meining" er ei regional satsing innan Sjustjerna, og bygg i store trekk på ein modell som er ei vidareutvikling matematikksatsinga.

Men her er det mogleg å kombinere både vidare – og etterutdanning som del av same satsinga.

Høgskulen i Volda er vår samarbeidspartnar og fagleg ansvarleg.

E. Elektronisk læringsplattform

PedIT er innført og vi arbeider vidare med å implementere dette verktøyet.

Regional organisering

Regionsnettverket for Søre Sunnmøre ("Sjustjerna") har fått tildelt midlar frå Møre og Romsdal fylke til kompetanseutviklingstiltak, statlege midlar og kommunale midlar, ikkje minst vesentlege vikarmidlar for å gjennomføre kompetanseutviklinga. Aktiviteten i skulane er no så stor at vi er redde for å "sprengje" lærarstaben.

A. SKULEVURDERING

Korleis kommunane på Søre Sunnmøre vurderar kvaliteten på skulane varierar frå kommune til kommune. Vi har sett at det er ein stor fordel med ei sterkare samordning regionalt. Denne ordninga er eit regionalt opplegg med ekstern vurdering. Dette opplegget er praktisk og byggje på desse grunnpilarane:

- ✓ LUIS-modellen kombinert med den metodiske skulevurderingskompetansen som allereie finst i den kommunale regionen
- ✓ Vi har hatt fagleg samarbeid med Høgskulen i Volda eller andre faglege miljø
- ✓ Modellen til Hardanger/Voss kompetanseregion og modellar i Sogn og Fjordane er utgangspunktet for den modellen som vi nyttar.

B. SØREMODELLEN (Sjustjerna)

Søremodellen er eit samarbeid mellom kommunane på ytre søre om å effektivisere kursverksemda i kommunane. Det er eit regionalt kompetanse- og kvalitetsutviklingssamarbeid. Det vart våren 2005 tilsett ein netterverkskoordinator til dette arbeidet.

Med innføringa av dei nye læreplanane er det sett store krav til kompetanseutvikling rundt om i kommunane, Søremodellen gjer at arbeidet med denne kompetanseutviklinga går lettare.

C. NETTVERKSKOORDINATOR

Dersom eit regionalt nettverk, som nemnt ovanfor, skal fungere er det ein føresetnad at nettverkskoordinatoren samordnar utviklingsarbeidet.

Arbeidsoppgåvene til nettverkskoordinatoren fungerer slik:

1. *Legge til rette for kompetanseutvikling i skulane i dei samarbeidande kommunane. Dette vert gjort både med tanke på ei vidareføring av eksisterande utviklingsarbeid/tiltak, men og møte dei nye utfordringane som kjem som ein følgje av nye læreplanar og auka satsing på kompetanseheving i skulen.*
2. *Ekstern vurdering har for dei fleste av kommunane i regionen vore eit lite prioritert område. Kommunane/skuleeigar har eit ansvar for oppfølging og vurdering av skulen, og koordinator for dette arbeidet vil kunne legge til rette for eit kvalitativt og systematisk vurderingsarbeid.*

F. PRIORITERTE OMRÅDE REGIONALT/KOMMUNALT Sjå punkt 2..

4. KOMMUNALE SATSINGSOMRÅDE

Dei kommunale satsingsområda er identiske med dei regionale (sjå ovanfor).
Nokre reint kommunale kjem i tillegg:

4.1 Kommunale tiltak

1. **Prosjekt metalæring 2 – læringsstilar:** Dette prosjektet vert avslutta som kommunalt prosjekt skuleåret 06/07, men vil halde fram på skulane og gjennom nettverksarbeid 2008-2009.
2. **Sosial handlingsplan:** Opplæringa i skulen må ikkje berre rettast mot det faglege, men også mot dei personlege eigenskapane ein ønskjer å utvikle hjå elevane. Alle skulane nyttar/skal nytte eit nasjonalt (aner)kjent program.
3. **Tospråklege i barnehage – skule:** Ligg framleis nede.
Har ikkje ressursar til å ta opp dette på nytt med det første.
4. **Kunnskapsløftet – ny læreplan:** Kommunen vil ha fokus på innføring av nye læreplanar i denne perioden. (sjå ovanfor)
5. **Den digitale skulen**
Arbeidet med å utvikle ei elektronisk læringsplattform (PedIT) for alle skulane i kommunen har vore og vil bli prioritert i komande år.
Vi ser på dette som "eit kontinuerleg arbeid" nokre år for å legge eitt av grunnlaga for den digitale skulen.
6. **Fokus på betra leseugleik.**
Alle skulane er med i etter – og vidareutdanningsprosjekt med fokus på leseopplæringa og grunnleggande leseugleik på 5. – 10. trinn.

4.2 Tiltak - skulane 2008-2009

Gjeld tiltak som kjem som tillegg til eller har eit anna fokus enn det som er skissert under tiltak på regionalt og kommunalt nivå.

A. Bigset skule:

- ✓ "Aksjon folkeskikk" – sosial kompetanse, vidareføring.
- ✓ "Grip boka" opplegg retta mot leseopplæringa for 7. steg.
- ✓ Aktivitet i friminutta – opplegg for elevtrim
- ✓ META-læring.

B. Hareid skule:

Skulen vi også dette skuleåret vere inne i omfattande byggeprosess som krev tid og energi og krev fokus både frå alle i skulesamfunnet.
Men så langt det er råd vil vi prøve å halde fram med desse tiltaka:

- ✓ META-læring – læringsstilar
- ✓ . Vidare kartlegging av elevar på eit nytt klassesteg.
- ✓ Olweus. Fokus på høvvisk framferd mot alle i skulekvardagen og god framferd i gangar og fellesareal
- ✓ Kunnskap om vanskane til elevar med spesielle behov.

C. Hjørungavåg skule:

- ✓ META-læring Med fokus å inkludere læringsstrategiane i elevane sine individuelle arbeidsplanar.
- ✓ Undervisningsorganisering/tilpassa opplæring – bruk av individuelt tilpassa arbeidsplanar med fokus på å sjølvstendigjere elevane.
- ✓ Prosjekt "Stor/liten" – sosial kompetanseutvikling. Dette er eit samarbeid mellom dei to eldste og dei to yngste årsstega. Byggjer på fadderordninga.
- ✓ Kunnskap om vanskane til elevar med spesielle behov. Skulen har mange elevar med spesielle behov, dette føreset at dei tilsette får ulike tilbod om kursing omkring dei vanskane som elevane har. Aktuelle kurssamlingar: Born med ADHD, born med Angelmann syndrom og born med synshemming.

D. Hareid ungdomsskule

- ✓ "Teksten i bruk." Opplegg med fokus på skjønnlitterære tekstar og fagtekstar. Dette eit interkommunalt prosjekt.
- ✓ META-læring. Vidareføre arbeidsmetodane på alle tre stega, oppdateringa av lærarane.
- ✓ Entreprenørskap/miljøarbeid 10.steg. Friluftsliv, brukthandel (elevbedrift), lage mat til kantina.
- ✓ Alternativt opplegg på stega. Utarbeide/klargjere eit alternativt undervisningstilbod på skulen og/eller i samarbeid med næringslivet.
- ✓ MOT. Haldningsskapande og rusførebyggjande arbeid. Regelmessige opplegg i klassene.
- ✓ Sterk og klar. Rusførebyggjande arbeid med foreldreengasjement.
- ✓ "Kjentmann". Rusførebyggjande arbeid med fokus på oppfylging av elevar. Interkommunalt prosjekt.
- ✓ Utarbeide planar til programfaget. Organisering og innhald.

Hareid, mai 2008.

Saksnr.	Klassering	Stad	Dato
2008/1024	430/A20	Hareid	02.06.2008